

## Møtereferat

Føremål: Samarbeidsmøte mellom ortopedisk avdeling og Praksiskonsulentane (PKO)  
Møtetid: 14.10.2021 kl. 10-11.30  
Stad: Møterom, HFD, Hildra (FSS), 2 etg. Anga, rom 2071  
Referent: Kari Anne Indrebø  
Møteleiar: Kari Anne Indrebø

Namn	Tittel	Frivillig	Forfall
Kari Anne Indrebø	Avd. sjef ort.avd		
Gerd Nesbø	Avd. sjukepleiar. ort.pol		x
Ann Kristin Dobbe Personbråten	Ass. seksjonsleiar ort.pol		x
Joanna Galek	Seksjonsleiar ort.avd		
Navid Beigi	Overlege		x
Nils Hendrik Gerhard Richter	Overlege		
Kristian Humborstad	Overlege		
Anita Sørheim	Praksiskons./FL.Gloppen		x
Normund Rolleiv Svoen	Praksiskons/FL Florø		
Jan Ove Tryti	Praksiskons/FL Sogndal		
Laila Bø Flugekvam	Helsesekretær		

### AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1.	Godkjenning av innkalling og Møtereferat.	Kari Anne Indrebø
2.	Ryggseksjonen	Nils Richter
3.	Skulderseksjonen	Kristian Humborstad
4.	Informasjon frå ortopedisk avdeling:	Kari Anne Indrebø
5.	Opplegg omkring spesielle pasientgrupper i sengeposten	Joanna Galek
6.	Ymse	

### REFERAT

Nr	Innhald
1.	Møteinnkalling via kalender fungerer godt. Det førre referatet er godkjent og lagt ut på nettsidene til kommunelegane. Normund vil gjere det same med dette referatet, inkl. PP presentasjonane om rygg og skulder.
2.	Rygg. Nils Richter informerer om at han no har starta som overlege med ansvar for ryggseksjonen. Det har vore eit sagn både for kommunehelsetenesta og Otopedisk avdeling at Helse Førde i ein periode ikkje har hatt ryggkirurg. Richter skal ha eit tett samarbeid med fagmiljøet på Hagavik. Han vil lage rutinar/ system for ryggpasientane, og bidreg gjerne med undervisning for kommunelegane. Det kan sjå ut til at der kjem fleire henvisingar til avdelinga enn det Richter har plass til i sin poliklinikk. Viktig at det er dei riktige pasientane som kjem inn til han. Bra om kommunelegane kjenner seg trygge på dei nasjonale retningslinjene for vurdering ryggpasientar. Der eit overforbruk av MR. Det har vore eit møte med radiologisk avdeling, og Richter vil forsøke å betre rutiane kring henvisning til MR. Sjå elles vedlagde presentasjon.
3.	Skulder. Ortopedisk avdeling har stor auke i mengd henvisningar på skulderseksjonen. Det er utfordrande å finne plass til pasientane. Mykje av det pasientane vert henviste til spesialisthelsetenesta for, kan dei få hjelp til i kommunen. Kristian Humborstad vil gjerne vere med å lage til eit undervisningsopplegg for kommunelegar. Målet er å gå opp grensegangar mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Undervisninga kan vere ein kombinasjon av teoretisk/video og praktisk undervisning. Vi skal komme nærare tilbake til det, når vi har fått aktuelle datoar for PKO'ane. Sjå vedlagde presentasjon frå Humborstad.
4.	Informasjon frå avdelinga. Kari anne informerer at avdelinga på grunn av pandemien/stopp i pasientinntaket i ein periode, har fått lenger ventetider både til poliklinikk og operasjon. Vi klarer heller ikkje å gje direkte time. PKO'ane tykkjer ikkje ventetidene til operasjon er voldsomt lange, men påpeikar at det er viktig at pasientane får timen sin, slik at dei slepp å lure. Kari Anne håpar å vere på plass med direkte booking til operasjon i løpet nokre månader.
5.	<p>Sengeposten. Seksjonsleiar Joanna Galek tok opp at ho ønskjer at det skal vere fleire møter mellom avdelinga og mottaksapparatet i kommunen når vi skriv ut gamle og skrøpelege pasientar. Det gjeld både når pasienten skal til sjukeheimen og til heimen. Ho lurar på om det kan vere hensiktsmessig å ha med kommunelege på ein «videovisitt». PKO'ane informerer om at dei stort sett alltid vert varsla når skrøpelege pasientar er utskrivne til kommunen, så det fungerer greitt for deira del. Men det kan sikkert vere bra å ha møte med pleietenestene for å avklare evt. spørsmål.</p> <p>Ruspasientar /LAR pasientar kjem med ujamne mellomrom til ortopedisk avdeling. Dette er utfordrande pasientar å ha i avdelinga. Det er behov for tett samhandling mellom LAR teamet i kommunen, psykisk helsevern, anesthesiavdeling og ort avdeling. PKO'ane opplyser at dei vanlegvis ikkje har så mykje med LAR behandlinga å gjere, men der er mange variantar. Det er klart at pasientane ikkje kan vere inneliggande i ort avdeling i månadsvis/vekevis i påvente av LAR-teamet. Ort avdeling må ta tidleg kontakt og vi må søke å få eit endå betre samarbeid mellom ulike partar.</p>
6.	Normund Svoen vil saman med dei andre praksiskonsulentane finne mogelege datoar for emnekurs i ortopedi våren 2022. Ortopedisk avdeling organiserer forelesarar.

<b>Nr</b>	<b>Aksjonspunkt</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tid</b>
1.	Kalle inn til nytt møte i mars 2022.	Laila F.	
2.	Lage veileder for hvilke ryggpasientar som skal henvisast til MR og ryggpoliklinikken.	Nils	
4.	Jobbe med å få på plass direktebooking til operasjon	Kari Anne	
6.	Førebu undervisningsopplegg/ortopediskule for kommunelegar	Kristian, Nils	